



Arvid Longva

Dykkar ref.:

Vår ref.:
20/4908 - 22 / CMS

Dato:
04.07.2022

Mellombels svar Klage på saksbehandling gbnr 132/67

Syner til e-post motteke onsdag 29.06.2022.

De tok kontakt grunna spørsmål om høgde i samanheng med utbetring av naboeigedomens fritidsbustad.

De har registrert at det er 66 cm diskrepans mellom motteke nabovarsel og kva som er bygga.

Nabovarsel de mottok satt ein høgde på **520 cm** frå gulvplan.

Denne vart sendt når det var søkt om rammeløyve til dispensasjon. Denne vart godkjent i fomannskapet og siden hjå Statsforvalteren i Vestand.

Når ansvarleg søkar seinare sendte søknad om rammeløyve på tiltaket, sendte dei med den same nabovarsel som førre søknad om rammeløyve. Dette vart ved ein feil frå meg oppfatta som ny nabovarsel. Det er således ein sakshandsamingsfeil. Difor sto det også i vedtaket at det ikkje var merknad frå naboer. Løyve som vart gjeve hadde høgde på **550 cm** frå gulvplan, altså **30 cm** høgare enn det de var nabovarsla om.

Ansvarleg søkar har kontrollmålt, og finn att høgda som vert bygd er på **ca 547,5 cm** frå gulvplan. Altså **27,5 cm** høgare enn kva de mottok i nabovarsel, altså ikkje **66 cm**. Kommunen forstår at de ikkje ønska å få vist korleis ansvarleg søkar har målt høgda. Dette kunne vere ein fordel, slik at partane hadde felles forståing over korleis høgda skal målast. Kommunen vil i alle høve kontrollmåle høgda.

Eg har bedt dei sende ny nabovarsel til de, slik at de kan komme med deira merknader og ivareta deira interesser. Då vil de eventuelt frå mogelegheit til å klaga på vedtak.

På generelt grunnlag kan ein ikkje forventa å få svar på førespurnader same dag. Avdelinga har stort arbeidspress med få ressursar. Me prøver etter beste evne å svara ut dei førespurnadene me får fortløpande.

Med helsing



Christopher Marius Straumøy
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Arvid Longva

Marit Signe Kjeilen

Utkilneset 22

5953

Fonnes